

Notat

Referanse
2014/2-8

Dato
02.01.2014

Ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning (fagskoletilsynsforskriften)

NOKUT vedtok 12. desember 2013 ny forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning (fagskoletilsynsforskriften). Forskrifta er tredd i kraft og erstattar retningsliner for kvalitetssikring og godkjenning etter lov om fagskoleutdanning av 26. januar 2009.

Ei viktig endring for fagskulane er at det vert enklare å søkje om namneendring og nye studiestader av di det ikkje vil vere søknadsfristar for dette.

Hordaland fagskulestyre har sendt høyringsfråsegn til denne forskrifta i oktober 2013. Styret hadde innvendingar til at ein student skal vere medlem i fagskulestyret si klagenemnd ved små fagskulemiljø. Det er ikkje teke omsyn til dette, og det vert stilt krav til at minst ein student skal vere medlem i klagenemnda. NOKUT skriv følgjande i oppsummeringa og vurderinga av høyringsuttalelene:

«NOKUT mener det vil være få tilfeller der fagskolen er så liten at det ikke er mulig å finne en studentrepresentant som er habil. At studentrepresentanten i klageinstansen studerer sammen med klageren, gjør ikke vedkommende inhabil. Er studentrepresentanten inhabil kan varamedlemmet delta i behandling av klagen. Eventuelt må studentrepresentanten som anser seg inhabil fratre i behandling av klagen.»

Vedlegg

- 1 Følgjebrev frå NOKUT
- 2 Fagskoletilsynsforskriften
- 3 Oppsummering og vurdering av høyringsuttalelsene